



Kommunar i Hordaland ved rådmenn
Kopi: Folkehelsekoordinatorar, SLT-koordinatorar

Dato: 20.12.2016
Vår ref.: 2016/35111-2
Saksbehandlar: jengard
Dykkar ref.:

Ungdata-undersøking i Hordaland 2017

Ungdata er ei lokal ungdomsundersøking som er gratis for alle kommunar og fylkeskommunar i Noreg. Sidan 2010 har 330 000 ungdom frå 375 kommunar delteke i ungdatabundersøkingane. Ungdata gir oss med det ein unik oversikt over ungdoms trivsel, levekår og helse; korleis er det å vere ung i Noreg i dag.

Med bakgrunn i folkehelselova skal kommunar ha oversikt over innbyggjarane sin helsetilstand og korleis helsa fordeler seg mellom folk. Denne oversikta skal inngå som del av grunnlaget for kommunalt planarbeid. Ungdata, som er eit system for lokale ungdomsundersøkingar, er ein del av dette oversiktsarbeidet. Undersøkinga er for elevar i ungdomskoletrinnet og i vidaregåande skule og vert gjennomført via elektroniske spørjeundersøkingar på skulane.

For kommunar og fylkeskommunar er Ungdata eit kartleggingsverktøy som eignar seg til bruk i det førebyggjande ungdomsarbeidet og for å få oversikt på folkehelseområdet. Resultata frå Ungdata kan nyttast som kunnskapsgrunnlag i det førebyggjande ungdomsarbeidet, politikktutvikling og til forskning og undervisning. Ungdata gir moglegheit til å analysere regionale og lokale variasjonar og trendar over tid, og til å gå djupare inn i problemstillingar innan ulike tema.

I Hordaland har vi som mål at så mange ungdoms- og vidaregåande skuler som mogleg gjennomfører undersøkinga i løpet av veke 12-14. **Med bakgrunn i dette har vi behov for ein kontaktperson per kommune, i tillegg til ein kontaktperson per skule.** Kontaktpersonane får opplæring og rettleiing om gjennomføringa av undersøkinga i eit møte som er sett til **onsdag 25. januar 2017** (12.00 – 15.30) i Bergen.

Presentasjon av data frå heile Hordaland fylke vert **torsdag 8. juni 2017**. KoRus Vest Bergen er ansvarleg for gjennomføringa av Ungdata 2017. Dei vil og presentere årets data og vere til hjelp i presentasjon av lokale data (data for kvar kommune).

Frist for å melde seg på Ungdata 2017 er sett til **15. januar 2017**. [Klikk her for å melde din kommune på Ungdata-undersøkinga](#) (gjeld og dei kommunane som har delteke tidlegare).

Om du har behov for meir informasjon, ta kontakt med KoRus Vest Bergen eller Hordaland fylkeskommune.

Kontaktperson i KoRus Vest Bergen:
Randi V. Knoff, tlf: 55 90 86 32 og
Erik Iversen, tlf.: 55 90 86 34.

Kontaktpersonar i Hordaland fylkeskommune:
Venke Barrikmo (opplæringsavdelinga), tlf.: 55 23 92 19 og
Jens Harald Garden (regionalavdelinga), tlf.: 55 23 94 11.

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Kathrin Jakobsen
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.